

## NY RETTSKRIVING FOR 2000-TALET

---

SAKSPAPIR TIL MØTE I RETTSKRIVINGSNEMNDA 14. APRIL 2010

### 1 GODKJENNING AV INNKALLING, REFERAT OG SAKLISTE

---

Referatet frå sist møte vart lagt ut i arbeidsrommet eit par dagar etter møtet og godkjent via e-post. Deretter vart det lagt ut på nettsida vår.

Er det ein grei møte å gjera det på, eller ønskjer nemnda å kunna godkjenna referatet i neste møte?

Sakspapira til dette møtet var ikkje klare før laurdag 10. april, og fire dagar er heilt klart for lite tid for nemnda til å få førebudd seg. For framtida håpar eg å få lagt ut papira ei veke før. Er det nok tid for nemnda?

## 2 NY DRØFTING AV PRINSIPPA FOR FORENKLING AV NORMA

---

### Bakgrunn

Då styret i Språkrådet oppnemnde rettskrivingsnemnda, gav det også eit mandat. Dette mandatet er rettesnora for arbeidet i nemnda. Nokre av prinsippa i mandatet kan synast motstridande, og må "balanserast", som det står i mandatet.

I saksframlegget til møtet i Språkrådet 16. desember 2009 heiter det at "Arbeidet følgjer ein prosjektmodell med milesteintenkning, slik at viktige spørsmål kan avklarast med styret undervegs i prosessen. ... Slike milesteinspunkt kan til dømes vera knytte til endeleg plan for gjennomføringa, **prinsipp for forenklinga av norma** (vår utheving) osv". I møtet 10. februar fastsette nemnda derfor nokre grunnleggjande prinsipp for arbeidet med ei ny nynorsk rettskriving, i prioritert rekkjefølgje. Dei lyder slik:

*Riise-nemnda vil normera nynorsken*

1. på eigen grunn (ubunde av bruk i bokmål)
2. ut frå skriftspråkleg tradisjon og praksis (nasjonal norm, ikkje regionale normer)
3. slik at utbreidde talemålsformer blir tillagde vekt
4. ut frå pedagogiske omsyn

Styret i Språkrådet hadde ingen innvendingar til prinsippa me fastsette, anna enn at berre eitt av dei var ikkje-språkleg. Fagråd 3, som er fagleg rettleiar for nemnda, uttalar:

*Fagråd 3 tolkar prinsippoppstillinga som ein freistnad på å operasjonalisere dei ulike prinsippa og oppgåvene som ligg i mandatet frå styret. Det er samstundes ikkje tydeleg korleis oppstillinga står i høve til mandatet. Dei nemningane nemnda nyttar, er òg fleirtydige, t.d. kan "pedagogiske omsyn" nyttast som argument både for ei vid og ei trong norm. I den samanhengen ser fagrådet det som føremålstenleg at nemnda:*

- a) drøftar og vurderer dei ulike omsyna i mandatet i høve til kvarandre
- b) drøftar ein del sentrale omgrep i mandatet (t.d. "tydeleg, enkel og stram norm", "lettare å vera nynorskbrukar", "stabil over tid", "språkbrukarar over heile landet", "skriftspråktradisjonar", "geografisk spreing", "mykje brukte former og ord", "breitt talemålsgrunnlag")
- c) drøftar nemningane som nemnda sjølv bruker (t.d. "pedagogiske omsyn", "skriftspråkleg tradisjon", "nasjonal norm, ikkje regionale normer", "ubunde av bruk i bokmål")

*Fagråd 3 kommenterer ikkje vedtaka som er gjorde, men meiner at dei bør grunnjevast i høve til mandatet.*

Rettskrivingsnemnda legg ingen prestisje i å halda på prinsippa nett slik dei er utforma, dersom det viser seg at dei ikkje er dekkjande nok. Ut frå vedtaket i fagråd 3 er det såleis naturleg for nemnda å sjå på prinsippa for normeringsarbeidet ein gong til.

Mandatet frå styret lyder slik:

1. På grunnlag av utgreiinga om nynorsknorm i 2003, seinare offentleg ordskifte, språkmeldinga frå 2008 og drøftinga av denne i Stortinget våren 2009 set styret i gang arbeidet med å laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer. Denne

*nye norma skal vera eit tilbod til alle som ynskjer å skriva korrekt nynorsk, og ho skal gjelda for alle som pliktar å skriva innanfor ei norm.*

2. *Målet er å etablere ei norm som gjer det lettare å vera nynorskbrukar, som er tydeleg for alle som bruker nynorsk som sidemål, og som er stabil over tid. Norma skal vera lett å bruka uavhengig av formell utdanning og språkkompetanse.*
3. *Norma skal vera slik at nynorsken framleis kan appellera til språkbrukarar over heile landet og gir rom for former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar. Breitt talemålsgrunnlag, mykje brukte former og ord, geografisk spreining og skriftspråktradisjonar er difor blant dei viktigaste faktorane som skal balanserast i den nye norma.*
4. *Grunnlagsmaterialet frå arbeidet med normering 2001–2003 er eit fagleg hovudgrunnlag for arbeidet med den nye norma.*

## **Drøfting**

Fagrådet ber oss altså drøfta kva som ligg i desse omgrepa i mandatet:

*"tydeleg, enkel og stram norm", "lettare å vera nynorskbrukar", "stabil over tid", "språkbrukarar over heile landet", "skriftspråktradisjonar", "geografisk spreining", "mykje brukte former og ord", "breitt talemålsgrunnlag"*

- a) "Tydeleg, enkel og stram norm" er det fyrste prinsippet, og det som me har lagt mest vekt på utetter når me har presentert arbeidet me skal gjera. I "tydeleg" og "stram" ligg det at det skal vera ei nasjonal norm med mindre valfridom enn i dag. "Enkel" kan innebera både at nynorsken skal vera eintydig, og at han skal vera enkel å læra, dvs. pedagogisk lett å læra.
- b) "Stabil over tid": Rettskrivingsnorma som me no kjem fram til, skal bli ståande lenge. Derfor er det viktig at me vågar å gjera vedtak som er framtidretta og kan bli ståande lenge. Samtidig er det viktig at me i normeringsarbeidet ikkje berre ser på tradisjonell nynorsk, men på nynorsken til unge språkbrukarar.
- c) "Lett å bruka uavhengig av formell utdanning og språkkompetanse": Det må innebera at norma fyrst og fremst skal innehalda former som er kjende frå før. Når me no skal stramma inn på talet på former, må me velja former som blir oppfatta som "vanlege", og i mindre grad ta etymologiske omsyn. Revisjonen av norma skal fyrst og fremst tena dei breie lag av skrivande.
- d) "Appellera til språkbrukarar over heile landet": I det ligg det at den nye norma må innehalda former som kjennest allmenne for folk uansett kva landsdel dei kjem frå. Dette kravet kan tolkast som at språkbrukarane skal kunna finna att sine eigne talemålsformer i nynorsken, og det inneber ein stor grad av valfridom. Men det kan òg tolkast slik at den nye norma må bli ei riksnorm, ei utkrystallisering av dei formene som fleirtalet alt i dag opplever som dei vanlegaste, og at ho derfor appellerer til språkbrukarar over heile landet.
- e) "Breitt talemålsgrunnlag": I dette kriteriet ligg at formene som blir ståande i den nye norma, bør ha godt grunnlag i store dialektområde. Samtidig er dette kravet problematisk, fordi dialektane er svært ulike, slik at det er uråd å sameina dette kravet med kravet om "enkel og stram" norm. Dessutan er talemålet i dag i rask utvikling over heile landet. Spørsmålet er då om me skal byggja på tradisjonell dialekttale blant vaksne

og eldre, ungdommeleg tale i kjerneområda for nynorsk eller talemålsformene i dei mest folkerike områda (rundt Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger til dømes).

- f) "Mykje brukte former og ord": Dette omgrepet ligg nær omgrepet "skriftspråktradisjonen" (sjå lenger nede). Det er om å gjera å fanga opp dei formene som har størst gjennomslag i nynorsk språkbruk.
- g) "Geografisk spreiring": Det kan tolkast som at talemålsnære former frå ulike landsdelar må med i den nye norma, og til ein viss grad er det viktig å ta slike omsyn. Skulle me velja mellom a- og e-infinitiv, ville det bli gale uansett kva me valde. Men sjølv om me tek geografiske omsyn, treng ikkje alle dialektbrukarar finna att alt frå sin dialekt i nynorsken. I denne formuleringa ligg det vel like mykje ei åtvaring mot å gjera norma for vestlandsk og dermed medverka til regionalisering av nynorsken. Sidan dei fleste med nynorsk hovudmål har eit vestlandsk talemål, er det logisk at dette syner att i den faktiske bruken av nynorsk per dags dato. Dette vilkåret kan dermed innebera at me skal sjå nærare på kva normer og skrivemåtar nynorsk skrivande i andre landsdelar vel, eventuelt kva personar med bokmål som hovudmål vel når dei skal skriva nynorsk. Det viktige er at den nye norma ikkje blir einsidig vestlandsk eller einsidig austlandsk, men kjennest som ei riksnorm
- h) "Skriftspråktradisjonen": I dag er det naturleg å leggja stor vekt på den nynorske skriftspråktradisjonen, fordi det er her det utkrystalliserer seg ei norm som mange oppfattar som ein "midtlinjeynorsk". Fordi me no har Det nynorske tekstkorpuset, med skjønnlitterære tekstar og sakprosa tekstar frå dei siste 140 åra, har me høve til å sjå kva slags former som står sterkast. I tillegg til det som alt er tilgjengeleg, har nemnda valt å innhenta nye språkprøvar frå lokal- og regionaviser, eksamensarbeid frå vidaregåande skule, tekstprøvar frå kommunar og regionale og nasjonale statsorgan. Her hentar me òg inn tekstar som berre er publiserte på Internett. Mange institusjonar har laga eigne husnormer som i dag blir brukte til å forma nynorsken. Gjennom dette arbeidet prøver me å finna fram til former og skrivemåtar som me kan venta å få oppslutnad om frå breie brukargrupper.

Det har sjølv sagt vore viktig å prøva å fanga opp intensjonane i mandatet, noko me meiner at me har prøvd med dei fire punkta, som står i prioritert rekkjefølgje:

*Riise-nemnda vil normera nynorsken*

1. på eigen grunn (ubunde av bruk i bokmål)	Jf. punkt f, h
2. ut frå skriftspråkleg tradisjon og praksis (nasjonal norm, ikkje regionale normer)	Jf. punkt a, f, h
3. slik at utbreidde talemålsformer blir tillagde vekt	Jf. punkt c, d, e, g
4. ut frå pedagogiske omsyn	Jf. punkt a, c, f

**Vurdering:**

Oppstillinga viser at prinsippa nemnda har sett opp, ikkje får fram punkt b ovanfor – at den nye rettskrivingsnorma skal vera ei norm for framtida. Nemnda har teke det kravet for gjeve, fordi både kulturmeldinga frå 2003 og St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining* seier at ”norsk rettskriving skal stabiliserast, dvs. at ein så langt råd er, skal unngå nye og hyppige endringar i gjeldande rettskriving” (s. 171).

Punkt a burde kanskje ha kome klarare fram i prinsippa. Nemnda har rett nok aldri vore i tvil om at Språkrådet ønskjer ei viss innstramming av norma. Også Stortinget sluttar seg til det gjennom godkjenninga av *Mål og meining*: ”Departementet har heller ikkje merknader til at styret har gjort vedtak om ei klar retning og ein klar ambisjon for arbeidet. Det må likevel leggjast til grunn av nynorsken framleis skal vera slik utforma at han kan ha appell til språkbrukarar over heile landet, og at ein ikkje stengjer ute former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar.”

Fagråd 3 ber oss drøfta ”nemningane som nemnda sjølv bruker (t.d. ’pedagogiske omsyn’, ...)”. Rådet seier at omgrepet ”pedagogiske omsyn” kan ”nyttast som argument både for ei vid og ei trong norm”. Vår tanke med nemninga var å leggja vekt på at den nye norma skal vera lett å læra, noko som jo òg er uttrykt som eit krav i mandatet. Sidan fagrådet meiner omgrepet kan mistolkast, kan det likevel vera fornuftig å formulera det med andre ord.

Nemnda har elles teke med som fyrste punkt eit prinsipp som ikkje står i mandatet frå Språkrådet no: Nynorsken skal normerast på eigen grunn. Det har lege til grunn for normeringsarbeidet sidan St.meld. nr. 9 (2001–2002) slo fast at ”den såkalla tilnærminglinja i forholdet mellom bokmål og nynorsk ikkje lenger er aktuell normeringspolitikk”.

### **Forslag til vedtak:**

Prinsippa for rettskrivingsarbeidet blir justerte noko, og lyder slik:

Riise-nemnda vil bruka desse prinsippa i arbeidet for å forenkla nynorsknorma:

1. *Nynorsken skal normerast på eigen grunn (ubunde av bruk i bokmål).*
2. *Normeringa skal skje ut frå skriftspråkleg tradisjon og praksis (det skal bli ei nasjonal norm, ikkje regionale normer).*
3. *Utbreidde talemålsformer skal tilleggjast vekt.*
4. *Lite brukte former skal takast ut av norma, og målet må vera at det skal bli mogleg å skriva rett nynorsk utan å læra mange unntaksreglar.*

*Alternativ til punkt 4:*

1. *Lite brukte former skal takast ut av norma, medan variantar som baa står sterkt, skal jamstellast.*

### 3 FRAMLEGG TIL VIDARE MØTEPLAN

---

14. april	Prinsippa ein gong til Ny vurdering av y/ø? Andre vokalvariasjonar, spørsmålet vokal/diftong, enkel/dobbel konsonant
8.–9. juni	Substantiv, adjektiv, adverb
19. august	Pronomen, verb
13. el. 14. september	Verb
15. oktober	Verb, samsvarbøying
16. november	Ny gjennomgang av førebels vedtak
13. el. 14. desember	Framhald ny gjennomgang
13.–14. januar	Framhald ny gjennomgang, klargjering til høyring
20. februar	Førebuing til høyring
21. februar	Høyring
3. mars	Gjennomarbeiding av høyringsmerknader
28. el. 29. mars	Gjennomgang av endeleg sakspapir
1. april	Overlevering av endeleg sakspapir

#### 4 NETTSIDENE

---

Som de sikkert har sett, er nettsidene våre på plass, og me har lagt ut nokre ting der. Diskusjonsforumet er rett nok ikkje på plass enno, og det har reist seg nokre spørsmål i tilknytning til det, mellom anna om namnet. Det er truleg på plass innan onsdag, men me ber nemnda gå inn på nettsidene og koma med synspunkt så langt.

## 5 NORMERING – LYDVERKET

### VOKALAR

#### FORDELINGA AV VOKALANE Y/Ø (NY VURDERING AV ENKELTE ORD)

##### Bakgrunnsstoff:

*Nynorskrettskrivinga* s. 34–37, 170 (2002-forslaga)

*Nynorskrettskrivinga* s. 245 (2000-forslaga)

*Nynorskordboka*, 4. utgåve 2006 (NOB)

*Norsk Ordbok*

Det nynorske tekstkorpuset (Dnt)

Metaordboka

I førre møte gjorde nemnda førebels vedtak om skrivemåten av ein del ord som i dag kan skrivast anten med y eller ø. I ettertid har me fått tilbakemeldingar som gjer at det er naturleg å sjå på nokre av desse orda ein gong til, med tanke på at dei kan førast opp som to ulike oppslagsord. Det gjeld nokre ord som finst i tradisjonell nynorsk, men som har dei lågtyske lånorda som sideformer. Det gjeld desse orda: *drynja*, *dynja*, *grypja*, *grysja*, *mylnar* og *stynja*. I tillegg har eg teke med orda *ryllik/røllik*, *rysja*, *styrja* og *symja*, som me ikkje behandla sist.

Dei lågtyske lånorda er tekne inn som sideformer fordi lånorda etter kvart har vorte dei vanlegaste talemålsformene. I førre møte gjekk me såleis inn for å gjera lånorda til eineformer. Forslaget frå Oddrun Grønvik går ut på at ein ser på desse orda som sjølvstendige ord i staden for å sjå på dei som to rettskrivingsvariantar. Dei ulike opphava til orda talar for det.

I tillegg bør me vurderer å gjera det same med verbet *symja*. Det innlånte *svømme* er ikkje tillate i nynorsk i dag, men bør bli det, fordi det er svært vanleg i talemålet til dei yngre. Ein variant av *symja* står elles i ordbøkene frå før: *svemja*. Det er ført opp som eit sjølvstendig verb, truleg fordi det har sterk bøying, medan *symja* er eit j-verb.

Oppslagsord	Merknad
<i>drynja</i> [drønna] v.	Orda bør reknast som ulike oppslagsord og førast opp kvar for seg. <i>Drynje</i> er j-verb, <i>drønne</i> er e-verb.
<i>dynja</i> [dønna] v.	Orda bør reknast som ulike oppslagsord og førast opp kvar for seg. <i>Dynje</i> er j-verb, <i>dønne</i> er e-verb.
<i>grøppa</i> [grypja] v.	Orda bør reknast som ulike oppslagsord og førast opp kvar for seg. <i>Grøppe</i> er e-verb, <i>grypje</i> j-verb.
<i>grøssa</i> [grysja] v.	Orda bør reknast som ulike oppslagsord og førast opp kvar for seg. <i>Grøsse</i> er a- el. e-verb, <i>grysje</i> er j-verb.
<i>mylne/mølle</i> f.	<i>Mylne</i> er norsk forma av latinsk <i>molina</i> , og ser ut til å ha vore eineform i norrøn tid, ut frå <i>Gamalnorsk ordbok</i> . Dansk og svensk har mølle/mølla. Marit skriv: "Det er vel tendensar til at dei to formene fordeler seg i tradisjonelle og nyare tydingar, slik at -mylne sjeldan blir brukt i samansetningar med mat-, vind- ofl. Det er eit argument for to synonym."



<i>ryllik/røllik m.</i>	<p>Dette ordet var ikkje med i 2002-lista, men står i 2000-lista, og det er naturleg å behandla det saman med andre ord med y/ø-problematikken. Det er naturleg nok ikkje mange treff på dette ordet: 8 treff på ryllik, 3 på røllik. I 2000 var det forslag om å gjera <i>røllik</i> til sideform. I alle orda me behandla sist, var det forma med -ø- som var den dominerande, og me valde å behalda dei formene. Derfor bør me ikkje her velja å behalda berre forma med -y-, men heller behalda dei to skrivemåtane som jamstelte.</p>
<i>rysja v.</i>	<p>Verbet <i>rysja</i> har tre tydingar som har ulike opphav: I kulsa, grøssa, II flysja, flekkja av, III drysja, falla ned. Det blir bøygd som j-verb i alle tydingar i nynorsk rettskriving i dag: <i>rysja</i>, <i>rys</i>, <i>ruste</i>, <i>rust</i>. I setelarkivet ser det elles ut til at <i>rysja</i> i tydinga 'kulsa, grøssa' er eit sterkt verb i mange dialektar.</p> <p>Forma <i>røsa</i>, ev. <i>røssa</i> er ikkje i rettskrivinga i dag, men det er mange belegg på det i setelarkivet. Ei rask rundspørjing blant ein totning, landing og valdris talar for bøyinga <i>røssa</i>, <i>røss</i>, <i>røste</i>, <i>røst</i>. Marit Hovdenak skriv: "Romsdalsmål har her lang konsonant (juletreet har begynt å røse, det røs mykje)."</p> <p>I Dnt er det ikkje mange treff på dette verbet: 8 på <i>rys</i>/<i>rysing</i>, og 3 på <i>røsj</i>, <i>røs</i> (frå same person, om talemålet hans).</p> <p>Skulle ein ta inn forma med -ø- her, synest det å vera best grunnlag for å ta inn forma utan j i infinitiv.</p>
<i>stynja [stønna] v.</i>	<p>Orda bør reknast som ulike oppslagsord og førast opp kvar for seg. <i>Stynja</i> er j-verb. <i>Stønna</i> er i dag e-verb, men det er mange treff på verbet bøygd som a-verb.</p>
<i>styrja v.</i>	<p>Verbet var ikkje med i lista me hadde sist, truleg fordi forma <i>styrja</i> har vore eineform. Etter ein gjennomgang av ord med y og ø i Metaordboka fanga eg opp dette, som eg kjenner frå talemålet berre med -ø-. Eg ville såleis ikkje ha tenkt på at det skal skrivast <i>styrja</i>. Men ordet er lite frekvent, i alle høve i skrift, og det er ingen treff på det i Dnt.</p>
<i>symja v.</i>	<p><i>Symja</i> var ikkje med i 2002-lista fordi det ikkje har hatt ei parallell form med -ø-. Nynorsk har i dag verbet <i>symja</i> og det sterke verbet <i>svemja</i>, men det er vel ingen tvil om at både <i>symja</i> og <i>svemja</i> er framande for mange. I Dnt finst det 20 døme på former med <i>svøm</i>. Det er ikkje lite når ein tenkjer på at forma <i>svøm</i> aldri har vore godteken i nynorsk.</p> <p>Det finst sjølv sagt mange fleire døme på bøyingsformer av <i>symja</i>, både korrekte og inkorrekte former som "<i>symde</i>, <i>symte</i> og <i>symjer</i>".</p> <p><i>Svøm</i> bør takast inn i nynorsk som eige oppslagsord. Det bør bøyast som <i>døm</i>, dvs. me må seinare ta stilling til om det skal ha -de eller -te eller bae delar i preteritum: <i>svømmer</i>, <i>svømde</i>/<i>svømte</i>?, <i>svømt</i>.</p>

#### Forslag for rettskrivingsnemnda i 2010:

Desse orda skal førast opp som sjølvstendige ord i ordbøkene:

<b>Desse formene blir ståande i ny rettskriving som separate oppslagsord:</b>	
<i>drynja v.</i>	<i>drønna v.</i>
<i>dynja v.</i>	<i>dønna v.</i>
<i>gryppja v.</i>	<i>grøppa v.</i>
<i>grysja v.</i>	<i>grøssa v.</i>
<i>mylne f.</i>	<i>mølle f.</i>
<i>rysja v.</i>	<i>røsa v. (røs, røste, røst)</i>

<i>stynja</i> v.	<i>stønna</i> v.
<i>styrja</i> v.	<i>størja</i> v. ( <i>størja</i> , <i>størja</i> , <i>størja</i> )
<i>symja</i> v.	<i>svømma</i> v. ( <i>svømmer</i> , <i>svømde</i> / <i>svømte</i> ?, <i>svømte</i> )

<b>Desse formene blir ståande i ny rettskriving:</b>	
<i>ryllik</i> el. <i>røllik</i> m. (plante)	

Bakgrunnsstoff:

*Nynorskrettskrivinga* (Nyn) s. 243–245 (2000-forslaga)  
*Nynorskrettskrivinga* (Nyn) s. 111–114 og s. 146–156 (2002-forslaga)  
*Nynorskordboka*, 4. utgåve 2006 (NOB)  
*Norsk Ordbok* (NO)  
 Det nynorske tekstkorpuset (Dnt)  
 Metaordboka

Venstre kolonne nedanfor viser gjeldande rettskriving.

Kolonnen ”Tidlegare forslag” viser kva som var forslaga i 2000, ev. 2002. Dei orda som er merkte med <sup>2000</sup>, vart vedtekne av Språkrådet i 2000, men vart ikkje godkjende av departementet fordi det ønskte ein større gjennomgang av rettskrivinga. (Nokre av orda gjekk me gjennom utan saksførebuing i førre møte, men eg tek likevel med heile lista frå s. 243–245 i *Nynorskrettskrivinga* her. Nokre enkeltord med valfri y eller ø er rett nok ikkje med her, sidan eg laga saksutgreiing om dei til førre møte.)

Forslaga som er merkte med <sup>2002</sup>, var forslag til Språkrådet på rådsmøtet i 2003. Desse forslaga har eg teke med der dei var samrøystes. Var det delt innstilling, står det ”Delt <sup>2002</sup>”.

Desse forslaga vart som kjent heller ikkje godkjende av departementet, og derfor må me ta dei opp att no. Heftet *Nynorskrettskrivinga* inneheld ei grundig drøfting av mange av dei aktuelle orda, men eg har lagt til nokre merknader etter søk i Det nynorske tekstkorpuset.

I 2000 gjekk nemnda inn for at ein del former skulle bli sideformer. Sidan det ikkje er aktuelt no, har me valet mellom å fjerna former frå rettskrivinga, eller å jamstella former.

Eg har stort sett ikkje brukt tid på å søkja opp orda i tekstkorpuset, dersom det i 2002-innstillinga var samrøystes forslag om at former skulle ut.

**Diftong eller monoftong**

*ei – e*

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>greve</i> [greive] m.	<i>greve</i> <sup>2000</sup>	Dnt har mange døme på <i>greve</i> , men berre eitt døme på <i>greive</i> (Søberg 2009)
<i>grevinne</i> [greivinne] f.	<i>grevinne</i> <sup>2000</sup>	Dnt har 23 døme på <i>grevinne</i> ; ingen på <i>greivinne</i> .
<i>leist</i> [lest] m.	<i>leist</i> <sup>2002</sup>	<i>Leist</i> og <i>lest</i> ser ut til å vera likt fordelte – om lag 60 døme på kvar.
<i>pek</i> [peik] n. (prette)	<i>pek</i> <sup>2002</sup>	Sjå merknad s. 146 i Nyn. Det er to døme på <i>pek</i> i Dnt, eitt på <i>peik</i> (men der er tydinga uklar).
<i>peik</i> [pek] n. (frampeik)	<i>peik</i> <sup>2000, 2002</sup>	Sjå ovanfor.
<i>peika</i> [peka] v.	<i>peika</i> <sup>2000, 2002</sup>	Det er svært mange døme på <i>peika/peike</i> i materialet, og få med <i>peka/peke</i> . To døme med <i>peke</i> er dialektsitat, resten er bokmålstekstar.
<i>sleisk</i> [slesk] adj.	<i>sleisk</i> <sup>2002</sup>	Dnt har tre døme på <i>sleisk</i> og 11 døme på <i>slesk</i> , m.a. Hoem, Vesaas

<i>treisk</i> [tresk] adj.	<i>treisk</i> <sup>2002</sup>	Eitt døme på <i>treisk</i> i Dnt; ingen på <i>tresk</i> .
----------------------------	-------------------------------	---

## Anna vokalveksling

### a – e

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>aftan/eftan</i> m.	<i>aftan</i> <sup>2000</sup>	<i>Aftan</i> og <i>eftan</i> er om lag like frekvente i Dnt: <i>aftan</i> 15 og <i>eftan</i> 19.
<i>anten</i> [enten] subjunk	Delt <sup>2002</sup>	Dnt har over 200 døme på <i>enten</i> . Sjølv om det er fem gonger så mange døme på <i>anten</i> , bør det tala til fordel for at <i>enten</i> blir jamstelt form.
<i>berr</i> [bar] adj.	Delt <sup>2002</sup>	To døme på <i>berr</i> , ingen på <i>bar</i> .
<i>berre</i> [bare] adv.	Delt <sup>2002</sup>	Dnt har ca. 90 døme på <i>bare</i> , og mange hundre døme på <i>berre</i> . <i>Bare</i> er nok eit av signalorda for dei som gjerne vil ha ei austnorsk preg på nynorsken.
<i>framand/fremmend</i> adj.	<i>framand</i> [fremmend] <sup>2000</sup> . Delt <sup>2002</sup>	Dnt har mange hundre døme på <i>framand</i> og 19 døme på <i>fremmend</i> . Det er tydeleg at <i>fremmend</i> aldri har slått gjennom, sjølv om ordet har vore ei jamstelt form.
<i>hanga/henga</i> v.	<i>henga</i> [hanga] <sup>2000</sup> . Delt <sup>2002</sup>	Dnt har tre døme på <i>hanga/hange</i> ; 115 døme på <i>henga/henge</i> .
<i>harsk/hersk</i> adj.	<i>harsk</i> <sup>2000</sup>	22 døme på <i>harsk</i> , eitt døme på <i>hersk</i> i Dnt.
<i>hjarte</i> [hjerter] n.		Dnt har ca 350 døme på <i>hjerter</i> , og det er jo ein del, sjølv om det er om lag dobbelt så mange døme på <i>hjarte/hjarta</i> . Når me kjem til substantiv, må me vurdera bøyinga av <i>hjarte/hjarta</i> .
<i>kvalp</i> [valp]/ <i>kvelp</i> m.	<i>kvalp</i> el. <i>kvelp</i> <sup>2000</sup>	Dnt har 30 døme på <i>kvalp</i> , 65 døme på <i>kvelp</i> , eitt døme på <i>valp</i> .
<i>lating/leting</i> m. (lat person)	<i>lating</i> <sup>2000</sup>	Lite frekvent ord; to døme på <i>lating</i> og tre på <i>leting</i> i Dnt.
<i>laken</i> [lakan] n.	<i>laken</i> <sup>2000</sup>	To døme på <i>lakan</i> (begge Noss), ca. 100 på <i>laken</i> .
<i>massing</i> [messing] m.	<i>massing</i> / <i>messing</i> <sup>2002</sup>	Ca. 50 døme på <i>massing</i> , ca. 125 døme på <i>messing</i> i Dnt, m.a. Hoem, Fløgstad, Noss, Firda, Hallingdølen.

### a – o

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>avund</i> [ovund] f.	<i>avund</i> <sup>2002</sup>	Dnt har 18 døme på <i>avund</i> , ti døme på <i>ovund</i> .
<i>haldning/holdning</i> f.	<i>haldning</i> [holdning] <sup>2000</sup> . Delt <sup>2002</sup>	Dnt har ca. 100 (nynorske) døme på <i>holdning</i> , men mange hundre døme på <i>haldning</i> . <i>Holdning</i> var faktisk eineform i nynorsk fram til 1985.
<i>hank/honk</i> f. (nøkkel-)	<i>hank</i> [honk] <sup>2000</sup> , <i>hank</i> <sup>2002</sup>	Det er berre fem–seks døme på både <i>hank</i> og <i>honk</i> i Dnt, dvs. <i>hank</i> i tydinga band, ring; knippe.
<i>harr/horr</i> m. (fisk)	<i>harr</i> [horr] <sup>2000</sup> , <i>harr</i> <sup>2002</sup>	Eitt døme på <i>harr</i> og eitt på <i>horr</i> i Dnt.
<i>harv</i> [horv] f.	<i>harv</i> <sup>2002</sup>	19 døme på <i>harv</i> el. avleiingar av <i>harv-</i> , seks døme på <i>horv</i> .
<i>maske/moske</i> f./m.	<i>maske</i> [moske] <sup>2000</sup> , <i>maske</i> <sup>2002</sup>	Ti døme på <i>maske</i> , to på <i>moske</i> i Dnt.
<i>tann</i> [tonn] f.	<i>tann</i> <sup>2002</sup>	Fem døme på <i>tonn</i> ; mange hundre på <i>tann</i> i Dnt.
<i>trapp</i> [tropp] f.	<i>trapp</i> <sup>2002</sup>	Seks døme på <i>tropp</i> , mange hundre døme på <i>trapp</i> .
<i>vald</i> [vold] f.	<i>vald</i> <sup>2002</sup>	Godt 60 døme på <i>vold</i> , mange hundre på <i>vald</i> .

<i>valda</i> [volda] v.	<i>valda</i> <sup>2002</sup>	To døme på <i>volda</i> , mange hundre på <i>valda</i> .
-------------------------	------------------------------	--

#### a – æ

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>arr/ær</i> n. (sårmerke)	<i>arr</i> [ær] <sup>2000</sup> , <i>arr</i> <sup>2002</sup>	Eitt døme på <i>arr</i> ; ingen på <i>ær</i> .
<i>star/stær</i> m. (augesjukdom)	<i>stær</i> [star] <sup>2000</sup> , <i>stær</i> <sup>2002</sup>	Ingen døme på nokon av orda, men det er heller ikkje eit ord ein kan venta å møta særleg ofte.

#### a – å

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>allmenn</i> [ålmenn] adj.	Delt <sup>2002</sup>	Ca. 75 døme på <i>ålmenn</i> ; fleire hundre på <i>allmenn</i> eller samansetningar med <i>allmenn</i> -.
<i>allmuge</i> [ålmuge] m.	<i>allmuge</i> <sup>2002</sup>	
<i>drap</i> [dråp] n.	<i>drap</i> <sup>2002</sup>	
<i>måla</i> [mala] v.	<i>måla</i> <sup>2002</sup>	

#### e – i

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>fete/fite</i> m. (feitleik)	<i>fete</i> [fite] <sup>2000</sup> , <i>fete</i> <sup>2002</sup>	Ordet er heller sjeldsynt og finst ikkje i Dnt.
<i>segla/sigla</i> v.	<i>sigla</i> [segla] <sup>2000</sup> , <i>segla/sigla</i> <sup>2002</sup>	<i>Segl</i> - og <i>sigl</i> - er nokså jamt fordelte i Dnt: ca. 250 <i>segl</i> - og 200 <i>sigl</i> -.
<i>sev/siv</i> n.	<i>siv</i> [sev] <sup>2000</sup> , <i>siv</i> <sup>2002</sup>	37 døme på <i>siv</i> , 16 på <i>sev</i> i Dnt.
<i>tre</i> [tri] determ.	<i>tre</i> <sup>2002</sup>	Mange hundre treff på <i>tre</i> , seks på <i>tri</i> .
<i>venstre</i> [vinstre] adj.	<i>venstre</i> <sup>2002</sup>	Eitt treff på <i>vinstre</i> ; mange hundre på <i>venstre</i> .

#### e – æ

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>bre</i> [bræ] v.	<i>bre</i> <sup>2002</sup>	
<i>brek(j)a</i> [bræk(j)a] v.	<i>brek(j)a</i> <sup>2002</sup>	På meg verkar forma <i>brekja</i> som ei konstruert form. Aasen har då òg <i>bræka</i> , men viser til at dialektforma /brækja/ finst i Østerdalen. Det er ingen døme med j i Dnt, anten <i>brekja</i> el. <i>brækja</i> .
<i>bresa</i> [bræsa] v.	<i>bresa</i> <sup>2002</sup>	
<i>deld</i> [dæld] f.	<i>deld</i> <sup>2002</sup>	
<i>esa</i> v., -ing [æsa], [-ing]	<i>esa</i> , -ing <sup>2002</sup>	
<i>fres(a)</i> [fræs(a)] v.	<i>fres(a)</i> <sup>2002</sup>	
<i>gjeta</i> [gjæta] v.	<i>gjeta</i> <sup>2002</sup>	
<i>hær</i> [her] m.	<i>hær</i> <sup>2002</sup>	
<i>krekebær</i> [krækjebær] n. (krekling)	<i>krekjebær</i> (krekling) <sup>2002</sup>	Dnt har ingen døme på <i>krekjebær</i> el. <i>krækjebær</i> ; eitt døme på <i>krekebær</i> .
<i>kremmar</i> [kræmar] m.	<i>kremmar</i> <sup>2002</sup>	
<i>kresen</i> [kræsen] adj.	<i>kresen</i> <sup>2002</sup>	
<i>kvede</i> [kvæde] n.	<i>kvede</i> <sup>2002</sup>	
<i>kven(sk)</i> [kvæn(sk)] adj.	<i>kven(sk)</i> <sup>2002</sup>	
<i>kvesa</i> [kvæsa] v.	<i>kvesa</i> <sup>2002</sup>	

<i>samkvem/samkvæme</i> n.	<i>samkvem</i> [ <i>samkvæme</i> ] 2000, <i>samkvem</i> 2002	165 døme på <i>samkvem</i> ; eitt døme på <i>samkvæme</i> .
<i>sete</i> [sæte] n.	<i>sete</i> 2002	
<i>seter</i> [sæter] f.	<i>seter</i> 2002	
<i>skremma</i> [skræma] v.	<i>skremma</i> 2002	
<i>sprek</i> [spræk] adj.	<i>sprek</i> 2002	
<i>strena</i> [stræna] v.	<i>strena</i> 2002	
<i>sær</i> (-leg, -skild osv.) [ser] ([-leg], [-skild] osv.) adj.	<i>sær</i> (-leg, -skild osv.) 2002	

### i – y

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>birkje</i> [birke] f., <i>bjørkje</i> [bjørke] f. el <i>byrkje</i> [byrke] f. (bjørkesevje)	<i>birkje</i> [birke] 2000. Ikkje behandla særskilt i 2002, men delt innstilling om -j- eller ikkje.	Dnt har eitt døme på <i>byrkje</i> , men det er ikkje eit ord ein kan venta å finna mange døme på. I NO står det døme på <i>birkje/berkje</i> frå Sørlandet og Sør-Vestlandet; <i>bjørkje/børkje</i> på Austlandet; <i>byrkje</i> i Bjørgvin bispedømme. Ordet verkar lite kjent, men same avleiing finst i mange stadnamn: Byrkjedal, Byrkjelo, Birkeland osv. Me tek ikkje stilling til skrivemåten av k/kj no, og tek inntil vidare med formene med og utan j som valfrie former.
<i>klipp(a)</i> [klypp(a)] v.	<i>klippa</i> 2002	

### jo – y

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>by(da)</i> [bjoda] v.	<i>by(da)</i> 2002	
<i>gysa</i> [gjosa] v.	<i>gysa</i> 2002	
<i>gyta</i> [gjota] v.	<i>gyta</i> 2002	
<i>ljod</i> m. el. n. / <i>lyd</i> m.	<i>lyd</i> [ljod] 2000, <i>lyd</i> 2002	Dnt har 16 døme på <i>ljod</i> , og mange hundre døme på <i>lyd</i> .
<i>ljota/lyta</i> v. (måtta)	<i>lyta</i> [ljota] 2000, <i>lyta</i> 2002	Denne infinitiven er ikkje mykje brukt, men i Dnt er det tre døme på <i>ljota/ljote</i> , og eitt døme å <i>lyta/lyte</i> . Det er liten grunn til å ha to oppslagsformer av ein så lite brukt infinitiv.
<i>sjoda/syda</i> v. (koka, brusa)	<i>syda</i> [sjoda] 2000, <i>syda</i> 2002	Det er eitt døme på infinitiv <i>syda</i> , og fire døme på <i>sjoda</i> i Dnt. Dessutan er det 18 døme på at <i>syda</i> er bøygd som a-verb ( <i>sydar</i> , <i>syda</i> ), medan det i norma er eit sterkt verb ( <i>syd</i> , <i>saud</i> , <i>sode</i> ).
<i>skyta</i> [skjota] v.	<i>skyta</i> 2002	
<i>tjor/tyr</i> m. (okse)	<i>tyr</i> [tjor] 2000, ikkje behandla særskilt i 2002	Det er eitt døme på <i>tjor</i> i materialet, og 25 døme på <i>tyr</i> . Det er eit meir uvanleg ord, og desse tala kan ikkje vega særleg tungt.

### o – u

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>boble</i> [buble] f.	<i>boble</i> 2002	

<i>fomma</i> [fuma] v. (fomla)	<i>fomma</i> <sup>2000</sup>	Dnt har ingen døme på dette ordet.
<i>fomla</i> [fumla] v.	<i>fomla</i> <sup>2000</sup>	Dnt har godt og vel 90 døme på <i>fomla</i> ; 24 døme med <i>fumla</i> .
<i>fomlen</i> [fumlen] adj.	<i>fomlen</i> <sup>2000</sup>	Ingen døme på dette ordet i Dnt.
<i>grom</i> [grum] adj.	<i>grom</i> <sup>2000</sup>	Det er ca. 90 døme på <i>grom</i> og eitt døme på <i>grum</i> (Uppdal) i materialet.
<i>jul</i> [jøl] f.	<i>jul</i> <sup>2002</sup>	
[ <i>muleg</i> ] <i>mog(e)leg</i> adj.	Delt <sup>2002</sup>	Dnt har ca. 40 døme på <i>muleg</i> , 250 på <i>mogeleg</i> , og klart mest – kanskje to tredelar – av <i>mogleg</i> . Det er dessutan mange døme på <i>mulig</i> , men ein del av dei tilhøyrer bokmålssitat.
<i>okse/ukse</i> m.	<i>okse</i> [ <i>ukse</i> ] <sup>2000</sup> , <i>okse</i> <sup>2002</sup>	260 døme på <i>okse</i> ; 55 døme på <i>ukse</i> , mange frå Kristofer Uppdal
<i>skjol/skjul</i> n. (gøymestad, skur)	<i>skjul</i> [ <i>skjol</i> ] <sup>2000</sup> , <i>skjul</i> <sup>2002</sup>	Dnt har 11 døme på <i>skjol</i> og mange hundre døme på <i>skjul</i> .
<i>smult</i> [ <i>smolt</i> ] n. (svinefeitt)	<i>smult</i> <sup>2002</sup>	
<i>somla</i> [ <i>sumla</i> ] v.	<i>somla</i> <sup>2000</sup>	46 døme på <i>somla</i> ; 9 døme på <i>sumla</i> (Vesaas, Uppdal, Bakkan, Floden)
<i>sommar</i> [ <i>sumar</i> ] m.	<i>sommar/sumar</i> <sup>2002</sup>	Dnt har 38 døme på <i>sumar</i> , og mange hundre døme på <i>sommar</i> .
<i>somme</i> [ <i>sume</i> ] determ.	<i>somme/sume</i> <sup>2002</sup>	Dnt har 35 døme på <i>sume</i> ; mange hundre døme på <i>somme</i> .
<i>snorka</i> [ <i>snurka</i> ] v.	<i>snorka</i> <sup>2000</sup>	37 døme på <i>snorka</i> ; ingen på <i>snurka</i> .
<i>tomsen</i> [ <i>tumsen</i> ] adj.	<i>tomsen</i> <sup>2000</sup>	6 døme på <i>tomset(e)</i> ; ingen på <i>tomsen</i> eller <i>tumsen</i> .

### o – ø

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>bok</i> f./ <i>bøk</i> m. (treslag)	<i>bøk</i> [ <i>bok</i> ] <sup>2000</sup> , <i>bøk</i> <sup>2002</sup>	Det ser ikkje ut til å vera døme på ordet i Dnt, men <i>bøk</i> er nok absolutt det vanlege.
<i>møl</i> / <i>møll</i> m.	<i>møll</i> [ <i>mol</i> ] <sup>2000</sup> , <i>møll</i> <sup>2002</sup>	Dnt har 12 døme på <i>møll</i> og eitt døme på <i>mol</i> .
<i>tofle</i> f./ <i>tøffel</i> m.	<i>tøffel</i> [ <i>tofle</i> ] <sup>2000</sup> . Ikkje oppe i 2002	Dnt har mange døme på <i>tøffel</i> og <i>tøflar</i> , men berre eitt døme på <i>tofle</i> .
<i>mor/morr</i> [ <i>mør</i> ] m. (hakka innmat)	<i>mor/morr</i> <sup>2000</sup>	Seks døme på <i>morr</i> , eitt på <i>mor</i> .

### o – å

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>brote</i> [ <i>bråte</i> ] m. (kvisthaug; jordstykke; hop)	<i>brote</i> <sup>2002</sup>	Det er mange fleire døme på <i>bråte</i> enn på <i>brote</i> ; 150 mot eitt døme.
<i>drok</i> f., fl. <i>dreker</i> / <i>dråk</i> f., fl. <i>dræker</i> (jente)	<i>dråk</i> <sup>2000</sup>	Materialet har berre tre døme på <i>dråk</i> i tydinga 'jente', og ingen på <i>drok</i> .
<i>drope</i> [ <i>dråpe</i> ] m.	<i>drope</i> <sup>2002</sup>	Storparten av døma med <i>dråpe</i> i Dnt er frå bokmålstekstar, t.d. tv-program.
<i>no</i> [ <i>nå</i> ] adv.	Delt <sup>2002</sup>	Dnt har ca. 100 døme på <i>nå</i> ; fleire hundre på <i>no</i> .
<i>så</i> [ <i>so</i> ] adv., subjunk.	Delt <sup>2002</sup>	Materialet har 15 døme på <i>so</i> , mange hundre døme på <i>så</i> .
[ <i>tåla</i> ] <i>tola</i> v.	<i>tola</i> <sup>2002</sup>	Det er om lag 100 døme på <i>tåla</i> ; hundrevis av

		døme på <i>tola</i> .
--	--	-----------------------

**u – y**

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>burda/byrja</i> v. infinitiv (måtta, skulla)	<i>burda</i> 2000	Dnt ser ikkje ut til å ha nokon døme på denne infinitivsforma, som er sjeldsynt.
<i>rydning [rudning]</i> m.	<i>rydning</i> 2002	
<i>skunda [skynda]</i> v.	Delt 2002	
<i>skuva</i> v. <i>skuvar, skuva, skuva</i> el. <i>skyva, skyv, skauv, skove</i> el. <i>skyva -er, -de, -d/-t</i>	<i>skuva, skuvar, skuva, skuva</i> (som før) el. <i>skuva/skyva, skyv, skauv, skove</i> 2000	I gjeldande rettskriving er det berre <i>skyva</i> som kan ha sterk bøying (eller bøying som e-verb), medan <i>skuva</i> er a-verb. 2000-forslaget går ut på at ein kan ha sterk bøying av både <i>skuva</i> og <i>skyva</i> , men at <i>skyva</i> ikkje lenger kan bøyast som e-verb. Det er sju døme på e-verbøying av <i>skyva</i> i Dnt.
<i>stutta/stytta</i> v. (gjera stuttare)	<i>stytta [stutta]</i> 2000, <i>stytta</i> 2002	Dnt har fem døme på former av <i>stytta</i> .
<i>stutting/stytting</i> f. (det å stutta) og m. (stutt slede)	<i>stytting [stutting]</i> 2000. Ikkje behandla særskilt i 2002, men jf. <i>stytta</i>	15 døme på <i>stutting</i> , tre på <i>stytting</i> . Alle døma har tydinga 'stutt slede'.
<i>sudfrukt/sydfrukt</i> f.	<i>sydfrukt [sudfrukt]</i> 2000, <i>sydfrukt</i> 2002	Tre døme på <i>sydfrukt</i> i Dnt.
<i>sudlandsk/sydlandsk</i> adj.	<i>sydlandsk [sudlandsk]</i> 2000, <i>sydlandsk</i> 2002	12 døme på <i>sydlandsk</i> , eitt på <i>sudlandsk</i> .
<i>sudlending/sydending</i> m.	<i>sydlending [sudlending]</i> 2000, <i>sydlending</i> 2002	Ingen døme i materialet.
<i>tynn [tunn]</i> adj.	<i>tynn</i> 2002	

**u – ø**

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>jutul/jøtul</i> m.	<i>jutul [jøtul]</i> 2000, <i>jutul</i> 2002	Ingen døme.
<i>kluft/kløft</i> f.	<i>kløft [kluft]</i> 2000, <i>kløft</i> 2002	Dnt har om lag 70 døme med <i>kløft</i> ; åtte døme med <i>kluft</i> .
<i>klufta/kløfta</i> adj.	<i>kløfta [klufta]</i> 2000, <i>kløfta</i> 2002	Ingen døme; adjektivet må behandlast likt substantivet.
<i>tynne [tunne]/tønne</i> f.	<i>tønne [tynne/tunne]</i> 2000, <i>tønne/tynne</i> 2002	Jf. førebels vedtak under behandling av y/ø i møtet 16. mars: eineform <i>tønne</i>
<i>tørka [turka]</i> v.	<i>tørka</i> 2002	
<i>tørr [turr]</i> adj.	<i>tørr</i> 2002	



æ – å

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>læsa/låsa</i> v.	<i>låsa</i> [læsa] <sup>2000</sup> , <i>låsa</i> <sup>2002</sup>	Ca. 120 dømme på <i>låsa</i> , 22 på <i>læsa</i> (16 frå Berg)
<i>mæla/måla</i> v.	<i>måla</i> [mæla], <i>måla</i> <sup>2002</sup>	Dnt har 16 dømme på <i>mæla</i> ; fleire hundre dømme på <i>måla</i> .

Enkeltord

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>beksel</i> [beisel] n.	<i>beksel</i> <sup>2002</sup>	
<i>beksla</i> v. [beisla]	<i>beksla</i> <sup>2002</sup>	
<i>bilete</i> [bilde] n.	Delt <sup>2002</sup>	Det er svært mange dømme på <i>bilde</i> i materialet, og sjølv om <i>bilete</i> truleg dominerer, er <i>bilde</i> ei svært vanleg form å sjå i nynorsk.
<i>bose/boso</i> f. (halmseng)	<i>bose</i> [boso] <sup>2000</sup> , <i>bose</i> <sup>2002</sup>	Materialet har tre dømme på <i>boso</i> , tre på <i>bose</i> .
<i>fremja/fremma</i> v.	<i>fremja</i> [fremma] <sup>2000</sup> . Delt <sup>2002</sup>	Det er 150 dømme på <i>fremma</i> i Dnt, så det er ikkje lite brukt – sjølv om <i>fremja</i> er brukt fire–fem gonger så mykje.
<i>gjera</i> [gjøra] v.	Delt <sup>2002</sup>	Dnt inneheld snaue 60 dømme på <i>gjøra</i> ; fleire hundre dømme på <i>gjera</i> . Spørsmålet er om dette òg er eitt av signalorda som betyr mykje for dei som vil skriva ein austnorsk nynorsk.
<i>idrett</i> [idrott] m.	Delt <sup>2002</sup>	Det er berre seks dømme på <i>idrott</i> i materialet; fleire hundre på <i>idrett</i> .
<i>korleis</i> [koss el. hoss(en)] adv.	<i>korleis</i> <sup>2000</sup>	Det er 17 dømme på <i>koss</i> i materialet; av <i>hoss</i> er det ti dømme, og av <i>hossen</i> eitt. <i>Korleis</i> er det mange hundre dømme på.
<i>kross</i> [kors] n.	Delt <sup>2002</sup>	Desse orda kan gjerne reknast som separate oppslagsord. <i>Kross</i> er nok den gammalnorske forma, medan <i>kors</i> truleg har kome inn seinare. Dei blir ikkje brukte heilt synonymt, t.d. kan ein tala om å møtast "i krossen", men ikkje "i korset". Det er òg lite vanleg å tala om "ein tankekross".
<i>kvefs/veps</i> m.	<i>kvefs</i> [veps] <sup>2000</sup> . Ikkje behandla i 2002	<i>Kvefs</i> er nok den gammalnorske forma, medan <i>veps</i> er ei seinare utvikling, kanskje eit lån frå dansk <i>hveps</i> . Dei kan gjerne førast opp som sjølvstendige synonym.
<i>kven</i> [hokken]	<i>kven</i> <sup>2002</sup>	
<i>leie/lægje</i> n. (ferje-)	<i>leie</i> <sup>2000</sup>	Det er 23 dømme på <i>leie</i> , og nærare 50 på <i>lægje</i> , men nesten alle er frå ein person: ØS Schmidt
<i>mid-/midt</i> pref.	<i>midt-</i> [mid-] <sup>2000</sup> . Delt <sup>2002</sup>	Materialet synest å ha berre former med <i>midt-</i> , t.d. <i>midtpunkt</i>
<i>mye/mykje</i> adj.	<i>mykje</i> [mye] <sup>2000</sup> . Delt <sup>2002</sup>	Det er mange dømme på <i>mye</i> i materialet, sjølv om ein del av dei òg er bokmålssitat. <i>Mye</i> er eit "signalord" for dei som ønskjer å skriva austnorsk el. trøndsk nynorsk.
<i>sia/sidan</i> adv.	<i>sidan</i> [sia] <sup>2000</sup> . Delt <sup>2002</sup>	Det er nærare 50 former med <i>sia</i> i materialet, men mange hundre former med <i>sidan</i> .
<i>skjærseld</i> [skirseld] m.	Delt <sup>2002</sup>	Dnt har 18 dømme på <i>skjærseld</i> , fire dømme på <i>skirseld</i> . Argumentet for å behalda <i>skirseld</i> er at

		det viser sammenhengen med verbet å skira 'reinsa'.
<i>skrog/skrov</i> n. (fly-)	<i>skrog [skrov]</i> <sup>2000</sup> , <i>skrog</i> <sup>2002</sup>	Det er ca. 70 dømme på <i>skrog</i> ; 17 på <i>skrov</i> .
<i>stig [sti]</i> m.	<i>sti/stig</i> <sup>2002</sup>	Det er ca. 25 dømme på <i>sti</i> , og 120 dømme på <i>stig</i> i materialet. Det som talar for å behalda <i>sti</i> i tillegg til <i>stig</i> , er at mange talemål manglar g-en, og det er såleis ikkje lett å vita at det må vera ein g i slutten av ordet.
<i>terskel/treskel</i> m.	<i>terskel [treskel]</i> <sup>2000</sup> , <i>terskel</i> <sup>2002</sup>	Ca. 130 dømme på <i>terskel</i> ; tre dømme på <i>treskel</i>
<i>tilfeldig/tilfelleleg</i> adj.	<i>tilfeldig [tilfelleleg]</i> <sup>2000</sup> , <i>tilfeldig</i> <sup>2002</sup>	Ti dømme på <i>tilfelleleg</i> ; fleire hundre dømme på <i>tilfeldig</i> .
<i>trua/truga</i> v.	<i>trua/truga</i> v. <sup>2002</sup>	Materialet viser at <i>truga</i> står klart mykje sterkare enn <i>trua</i> . Det som talar for å behalda båe, er at <i>trussel</i> står mykje sterkare enn <i>trugsel</i> , som har samanheng med <i>truga</i> .
<i>trugsel/trussel</i> m.	<i>trugsel/trussel</i> m. <sup>2002</sup>	23 dømme på <i>trugsel</i> i materialet; fleire hundre dømme på <i>trussel</i> .
<i>trøndersk/trøndsk</i> adj.	<i>trøndersk [trøndsk]</i> <sup>2000</sup> , <i>trøndersk</i> <sup>2002</sup>	Ca. 50 dømme på <i>trøndsk</i> ; 90 på <i>trøndersk</i> .
<i>veikje/vækje</i> f. (jente)	<i>veikje [vækje]</i> <sup>2000</sup> , <i>veikje</i> <sup>2002</sup>	Tre dømme på <i>veikje</i> ; ingen på <i>vækje</i> .
<i>verd</i> n./ <i>verde</i> n./ <i>verdi</i> m.	<i>verd</i> n./ <i>verdi</i> m. [ <i>verde</i> ] n. <sup>2000</sup> , <i>verd</i> n./ <i>verdi</i> m. <sup>2002</sup>	Orda blir brukte ulikt; <i>menneskeverd</i> har t.d. ikkje same tyding som <i>menneskeverd</i> . I Dnt er det mange dømme på <i>menneskeverd</i> , men ingen på <i>menneskeverde</i> ; to på <i>menneskeverdi</i> . Det er ingen treff på <i>verd</i> åleine; tre treff på <i>verde</i> . Det at <i>verd</i> er innarbeidd i samansetninga <i>menneskeverd</i> , talar for å behalda det ordet, men at <i>verd</i> og <i>verdi</i> blir førte opp som ulike oppslagsord.
<i>ødle/øgle</i> f.	<i>øgle [ødle]</i> <sup>2000</sup>	Godt 30 dømme på <i>øgle</i> ; ingen på <i>ødle</i> .

Forslag for rettskrivingsnemnda i 2010:

Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Desse formene går ut:
<b>ei - e</b>	
<i>greve</i> m.	[ <i>greive</i> ]
<i>grevinne</i> f.	[ <i>greivinne</i> ]
<i>leist</i> el. <i>lest</i> m.	
<i>pek</i> n. (prette)	[ <i>peik</i> ]
<i>peik</i> n. (frampeik, ymt, vink)	[ <i>pek</i> ]
<i>peika</i> v.	[ <i>peka</i> ]
<i>sleisk</i> el. <i>slesk</i> adj.	
<i>treisk</i> adj.	[ <i>tresk</i> ]
<b>a - e</b>	

<i>aftan</i> el. <i>eftan</i> m.	
<i>anten</i> el. <i>enten</i> subjunk.	
<i>berr</i> el. <i>bar</i> adj.	
<i>berre</i> el. <i>bare</i> adv.	
<i>framand</i> adj.	<i>fremmend</i>
<i>henga</i> v.	<i>hanga</i>
<i>harsk</i> adj.	<i>hersk</i>
<i>hjarte</i> el. <i>hjerte</i> n.	
<i>kvalp</i> el. <i>kvelp</i> m.	<i>valp</i>
<i>lating</i> m. (lat person)	<i>leting</i>
<i>laken</i> n.	<i>lakan</i>
<i>messing</i> m.	<i>massing</i>
<b>a - o</b>	
<i>avund</i> f.	[ <i>ovund</i> ]
<i>haldning</i> f.	<i>holdning</i>
<i>hank</i> f.	<i>honk</i>
<i>harr</i> m. (fisk)	<i>horr</i>
<i>harv</i> f.	[ <i>horv</i> ]
<i>maske</i> f. el. m. (garnlykkje)	<i>moske</i>
<i>tann</i> f.	[ <i>tonn</i> ]
<i>trapp</i> f.	[ <i>tropp</i> ]
<i>vald</i> m.	[ <i>vold</i> ]
<i>valda</i> v.	[ <i>volda</i> ]
<b>a - æ</b>	
<i>arr</i> n.	<i>ær</i>
<i>stær</i> m. (augesjukdom)	<i>star</i>
<b>a - å</b>	
<i>allmenn</i> adj.	[ <i>ålmenn</i> ]
<i>allmuge</i> m.	[ <i>ålmuge</i> ]
<i>drap</i> n.	[ <i>dråp</i> ]
<i>måla</i> v.	[ <i>mala</i> ]
<b>e - i</b>	
<i>fete</i> m. (feitleik)	[ <i>fite</i> ]
<i>segla</i> el. <i>sigla</i> v.	
<i>siv</i> n.	<i>sev</i>
<i>tre</i> determ.	[ <i>tri</i> ]
<i>venstre</i> adj.	[ <i>vinstre</i> ]
<b>e - æ</b>	
<i>bre</i> v.	[ <i>bræ</i> ]
<i>breka</i> v.	<i>brekja</i> [ <i>bræk(j)a</i> ]
<i>bresa</i> v.	[ <i>bræsa</i> ]
<i>deld</i> f.	[ <i>dæld</i> ]
<i>esa</i> v., -ing	[ <i>æsa</i> ], [-ing]
<i>fres(a)</i> v.	[ <i>fræs(a)</i> ]
<i>gjeta</i> v.	[ <i>gjæta</i> ]
<i>hær</i> m.	[ <i>her</i> ]

<i>krekebær</i> n. (krekling)	[krækjebær]
<i>kremmar</i> m.	[kræmar]
<i>kresen</i> adj.	[kræsen]
<i>kvede</i> n. (kvad)	[kvæde]
<i>kven(sk)</i> adj.	[kvæn(sk)]
<i>kvesa</i> v.	[kvæsa]
<i>samkvem</i> n.	samkvæme
<i>sete</i> n.	[sæte]
<i>seter</i> f.	[sæter]
<i>skremma</i> v.	[skræma]
<i>sprek</i> adj.	[spræk]
<i>strena</i> v.	[stræna]
<i>sær</i> (-leg, -skild osv.) adj.	[ser] ([-leg], [-skild] osv.)
<b>i - y</b>	
<i>byrkje</i> el. <i>byrke</i> f. (bjørkesevje)	<i>bjørkje</i> [bjørke] el. <i>birkje</i> [birke]
<i>klippa</i> v.	[klyppa]
<b>jo - y, jo - ju</b>	
<i>by(da)</i> v.	[bjoda]
<i>gysa</i> v.	[gjosa]
<i>gyta</i> v.	[gjota]
<i>lyd</i> m.	ljod
<i>lyta</i> v. (måtta)	ljota
<i>skyta</i> v.	[skjota]
<i>syda</i> v. (koka, brusa)	sjoda
<i>tyr</i> m. (okse)	tjor
<b>o - u</b>	
<i>boble</i> f.	[buble]
<i>fomma</i> v. (fomla)	fuma
<i>fomla</i> v.	fumla
<i>fomlen</i> adj.	fumlen
<i>grom</i> adj.	grum
<i>jul</i> f.	[jol]
<i>mog(e)leg</i> el. <i>muleg</i> adj.	
<i>okse</i> m.	ukse
<i>skjul</i> n. (gøymestad, skur)	skjol
<i>smult</i> n. (svinefeitt)	[smolt]
<i>somla</i> v.	sumla
<i>sommar</i> m.	[sumar]
<i>somme</i> determ.	[sume]
<i>snorka</i> v.	snurka
<i>tomsen</i> adj.	tumsen
<b>o - ø</b>	
<i>bøk</i> m. (treslag)	bok
<i>møll</i> m.	møl
<i>tøffel</i> m.	tofle
<i>morr</i> m.	mor [mør]

<b>o - å</b>	
<i>brote</i> el. <i>bråte</i> m.	
<i>drope</i> m.	[dråpe]
<i>dråk</i> f., fl. <i>dræker</i> (jente)	<i>drok</i>
<i>no</i> el. <i>nå</i> adv.	
<i>så</i>	[so]
<i>tola</i> v.	[tåla]
<b>u - y</b>	
<i>burda</i> v. infinitiv (måtta, skulla)	<i>byrja</i> (i tydinga 'måtta, skulla')
<i>rydning</i> m.	[rudning]
<i>skunda</i> v.	[skynda]
<i>skuva</i> v. <i>skuvar</i> , <i>skuva</i> , <i>skuva</i> el. <i>skyva</i> , <i>skyv</i> , <i>skauv</i> , <i>skove</i>	<i>skyva</i> -er, -de, -d/-t
<i>stytta</i> v. (gjera stuttare)	<i>stutta</i>
<i>stytting</i> f. (det å stutta) og m. (stutt slede)	<i>stutting</i>
<i>sydfrukt</i> f.	<i>sudfrukt</i>
<i>sydlandsk</i> adj.	<i>sudlandsk</i>
<i>sydlending</i> m.	<i>sudlending</i>
<i>tynn</i> adj.	[tunn]
<b>u - ø</b>	
<i>jutul</i> m.	<i>jøtul</i>
<i>kløft</i> f.	<i>kluft</i>
<i>kløfta</i> adj.	<i>klufta</i>
<i>tønne</i> f.	<i>tynne</i> [tunne]
<i>tørka</i> v.	[turka]
<i>tørr</i> adj.	[turr]
<b>æ - å</b>	
<i>låsa</i> v.	<i>læsa</i>
<i>måla</i> v.	<i>mæla</i>
<b>Enkeltord</b>	
<i>beksel</i> n.	[beisel]
<i>beksla</i> v.	[beisla]
<i>bilete</i> el. <i>bilde</i> n.	
<i>bose</i> f. (halmseng)	<i>boso</i>
<i>fremja</i> el. <i>fremma</i> v.	
<i>gjera</i> el. <i>gjøra</i> v.	
<i>idrett</i> m.	[idrott]
<i>korleis</i> adv.	[koss el. hoss(en)]
<i>kven</i>	[hokken]
<i>leie</i> n. (ferje-)	<i>lægje</i>
<i>midt</i> - prefiks	<i>mid</i> -
<i>mye</i> el. <i>mykje</i> adj.	
<i>sidan</i> adv.	<i>sia</i>
<i>skjærseld</i> el. <i>skirseld</i> m.	
<i>skrog</i> n. (fly-)	<i>skrov</i>
<i>sti</i> el. <i>stig</i> m.	
<i>terskel</i> m.	<i>treskel</i>
<i>tilfeldig</i> adj.	<i>tilfelleleg</i>

<i>trua</i> el. <i>truga</i> v.	
<i>trugsel</i> el. <i>trussel</i> m.	
<i>trøndersk</i> adj.	<i>trøndsk</i>
<i>veikje</i> f. (jente)	<i>vækje</i>
<i>øgle</i> f.	<i>ødle</i>

<b>Desse formene blir ståande i ny rettskriving som separate oppslagsord:</b>		<b>Går ut:</b>
<i>kross</i> m.	<i>kors</i> n.	
<i>kvefs</i> m.	<i>veps</i> m.	
<i>verdi</i> m.	<i>verd</i> n.	<i>verde</i> n.